



Utval: Råd for funksjonshemma
Møtestad: Fellesstova, Fitjar bu- og behandlingssenter
Dato: 20.02.2017
Tid: 14:00 – 15:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Kari Giske	Leiar	
Geir Tore Søreide	Nestleiar	
Bente Volden Mjønes	Medlem	
Johnny Westvik	Medlem	
Harald Rydland	Medlem	

Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
-------------	-----------------	--------------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
-------------	------------------	--------------------

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
-------------	-----------------

Kari Fjugstad Giske
Leiar

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 4/17	Omvisning på det nye legesenteret	
PS 5/17	Godkjenning av protokoll	
PS 6/17	Info om status forprosjektplan	
PS 7/17	Plan for inkludering i skulen	
PS 8/17	Avlasterdommen	
PS 9/17	Ymse	

PS 4/17 Omvisning på det nye legesenteret

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Råd for funksjonshemma - 20.02.2017:

Råd for funksjonshemma hadde omvisning på det nye legesenteret med avd.ingeniør drift, Tore Nesbø.

Rådet synes det nye legesenteret ser funksjonelt ut, og at det er universelt utforma. Rådet ber om at det vert installert teleslynge i resepsjonen og på legekantor.

PS 5/17 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Råd for funksjonshemma godkjenner protokoll frå sist møte.

Behandling i Råd for funksjonshemma - 20.02.2017:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 6/17 Info om status forprosjektplan

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Råd for funksjonshemma - 20.02.2017:

Rådmannen har sendt info om forprosjektplanen til møte i "Oppvekst og omsorg" 21.2.2017 under sak: Meldingar

Her skriv han:

“Rådmannen vil difor melda om at me ikkje ser at me har kapasitet til å gjennomføra prosjektet no og at det bør leggjast bort til hausten, og gjerast i 2. halvår. Dersom prosjektet likevel skal gjennomførast i 1. halvår, må Råd for funksjonshemma eller Utvalet setja ned ei prosjektstyrar som driv prosjektet, og tek rolla som rådmannen sin stab er tiltenkt. Rådmannen vil då kunna stilla med ein observatør i gruppa.”

Vedtak: (Samrøystes)

Råd for funksjonshemma i Fitjar viser til meldingssak som rådmannen har på møte i Utval for oppvekst og omsorg 21.2.2017.

Rådet kan i samarbeid med styringsgruppa og ekstern prosjektleiar ta på seg å gjennomføra “Forprosjekt VTA/dagaktivitetstilbod” i tråd med framlagt prosjektplan.

Det er i tilfelle ønskeleg at rådmannen gjer avtale med ekstern konsulent og oppnemner observatør.

PS 7/17 Plan for inkludering i skulen

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Råd for funksjonshemma - 20.02.2017:

Leiar i Råd for funksjonshemma har hatt 2 møter med skulesjef angående dette. Skulesjefen skal setja ned ei arbeidsgruppe på 3 personar som skal utarbeida eit forslag til plan. Dette planforslaget vert vidare sendt til uttale på dei respektive skulane og barnehagane.

PS 8/17 Avlasterdommen

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt føre utan tilråding.

Behandling i Råd for funksjonshemma - 20.02.2017:

Det vart informert om at det føreligg ein dom angående tilsetjingsvilkår for private avlastarar men at denne ikkje automatisk gjeld for alle private avlastarar.

PS 9/17 Ymse

Behandling i Råd for funksjonshemma - 20.02.2017:

Det vart informert om at det skal vera ein temadag for dei kommunale råda for funksjonshemma i Hordaland.

Denne har tema flyktingar og psykisk helse og skal vera i Bergen 27. mars. Ein eller fleire i Råd for funksjonshemma skal prøva å delta på temadagen.